

Takka med herleg middag.

23.07.2017



God stemning og god mat, ein perfekt start på laurdagskvelden!

Siste veka har nokre av gutane som bur på Stølen, vore travelt opptatt med målararbeid på husa i båthamna og litt grøftegraving der. Dei er svært takksame for dette og for anna hjelp dei har fått, og derfor ville dei gje noko tilbake. Dette var bakgrunnen for at båtlagsleiar Hans Gustav Musland og underteikna vart invitert på middag laurdag i kveldinga.



[Kylling, ris og tilbehør som smaka vidunderleg!](#)

Med Didar og Ataulah som sjefskokkar, og Ibrahim, Abdul Ahad og Bashar som medhjelparar, salatkuttarar og servitørar diska dei opp med ein nydeleg middag. Det vart servert kylling og ris på afghansk vis. Til dei som ikkje har smaka afghansk mat kan vi sei at den er aldeles nydeleg for smaksløkane, og gutane viste at dei både fiksa smakstilsetjinga på kyllingen og den spesielle risen. Kjempheerleg! Og ikkje nok med det! Midagen vart avrunda med herleg heimelaga iskake til dessert som ein av dei tilsette, Espen, hadde laga. Stemninga rundt bordet var svært god. Tilsett Kent Are og ferievikar Rune var også med på det kjekke måltidet der praten gjekk godt rundt bordet medan smaksløkane storkosa seg. Det var tydeleg at både gjester og vertar sette pris på samlinga. Det var ein perfekt start på laurdagskvelden!

Gutane set stor pris på at dei får noko å gjera på fritida. Dei er også taksame for all kontakt med bygdefolk. Dei er svært rosande til både personalet og bygdefolket etter at det no er eitt år sidan dei første kom til Stølen. Sistemann som kom for 2 veker sidan, Didar, synes han har fått ein kjempestart i Uskedalen. Ein viktig grunn til det er jobben i båthamna og meningsfulle dagar.

Gutane har også fleire andre småjobbar. Yngstemann Ibrahim har fast jobb med å slå plen, eldstemann Ataulah skreiv nyleg under kontrakt om oppvask og anna hjelpearbeid på kjøkkenet på Oska ved behov, to har vore på butikkurrs og lært seg å hjelpa til i butikk, og så har nokre hatt litt gardsarbeid. Dei set veldig pris på å ha noko å gjera, og vil ha ledig kapasitet framover. Tilbakemeldingane eg høyrer er veldig positive. Dette er arbeidsame ungdommar. Det er også båtlagsleiar Hans Gustav Mussland einig i:

- Dei har vore veldig flinke til å stå på! Dette har vore skikkeleg kjekt, seier han om samarbeidet med gutane. Båtlagsleiaren er også fornøgd med arbeidet til dei fem andre ungdommane som ordnar plenslått og vasking.

Då vi takka for det gode måltidet, var gutane klar for nye aktivitetar. Ein for på eigentrening, og ein for til Stølavikjo og skulle bada. Dette er aktive og særdeles kjekke gutar!

Tekst, foto og nett: Thor Inge Døssland